

Repsak 16-20

Auka låneramme for VØR

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet ber Ørsta og Volda kommunestyre om å endre § 12 i vedtektene slik:

Ny § 12. Låneopptak:

Styret kan ta opp lån til kapitalformål og til konvertering av eldre gjeld innafor ei samla ramme på 130 mill. kr. Lån til einskildprosjekt skal godkjennast av eigarkommunane, dersom vedkomande lån er på 33 mill. eller meir.

Styret kan og ta opp lån til likviditetsformål innafor ei ramme på 10 mill. kr.

Likviditetslån må gjerast opp før rekneskapsavslutninga vedkomande år, med mindre lånet er tatt opp for å dekkje underskot, som iflg. selskapet sin økonomiplan skal dekkjast over fleire år. Selskapet sine eignelutar kan pantsetjast som trygd for lån.

Saksutgreiing

Styret i VØR sitt høve til å ta opp lån, er heimla i vedtektene for selskapet, § 12. Dei lyder slik i dag:

Styret kan ta opp lån til kapitalformål og til konvertering av eldre gjeld innafor ei samla ramme på 100 mill. kr. Lån til einskildprosjekt skal godkjennast av eigarkommunane, dersom vedkomande lån er på 25 mill. eller meir. Styret kan og ta opp lån til likviditetsformål innafor ei ramme på 8. mill. kr. Likviditetslån må gjerast opp før rekneskapsavslutninga vedkomande år, med mindre lånet er tatt opp for å dekkje underskot, som iflg. selskapet sin økonomiplan skal dekkjast over fleire år. Selskapet sine eignelutar kan pantsetjast som trygd for lån.

Kvifor treng VØR auka låneramme ?

Miljødirektoratet krev at materialgjenvinninga nasjonalt skal vere 55 % i 2025, 60 % i 2030 og 65 % i 2035.

I 2025 skal målepunktet for materialgjenvinning flyttast frå inn til gjenvinningsbedrift til ut frå gjenvinningsbedrift. Dette vil synleggjere feilsortering og innslag av restavfall i mat-, papir-, plast- og glas/metall avfall. Hos VØR ventar vi at dette vil redusere materialgjenvinninga frå 61,4 % i 2019 til mellom 50 og 55 %.

Styret sin ambisjon er å nå minst 60 % materialgjenvinning i 2025, og styret vil prioritere dei tiltak som skal til for å oppnå dette. Innsamling av nye fraksjonar er eit grep som kan betra resultat. Det vil krevje utstyr og innsamlingsmateriell. Bruk av sorteringsteknologi etter at avfallet er innsamla er eit anna tiltak. Det vil krevje kapitalinnsats. Informasjon og kontroll må aukast, men det vil gå av drift.

I Klimakur 2030, offentleggjort i år, satsar regjeringa på klimatiltak også for avfallsbransjen. Eit av måla er at transport ikkje skal auke.

Det vil krevje effektivisering av transporten slik som å ta med seg mest mogleg når avfall vert transportert. Avfall må handsamast nærare der det oppstår. Vidare må vi organisere både intern og ekstern transport smartare ved bruk av teknologi og investeringar.

Fossil energi som vert brukt av bilane / lastbærarane våre må bytast til klimanøytral energi.

Fylkesmannen krev at alt avfall skal handsamast under tak. Dette har med fleire tilhøve å gjere. Forsøpling frå fugl og vind på avfallsanlegg er ei utfordring, men og å hindre utvasking og av renning frå avfall som ligg ute.

Vidare er bransjen pålagt strenge tiltak for å hindre brann, særskilt brannsløkkjeutstyr for å handtere brann når det oppstår og oppsamling av evt. brannvatn. Omlasteanlegget på Melsgjerdet, vert bygt etter disse krava med opning hausten 2021.

Anlegget i Hovdebygda må deretter om byggast for å tilfredstille disse krava.

I økonomiplan er det planlagt i 2023. Vi ser for oss eigen vasstank for brannvatn for å ha nok vatn og nok trykk, eigne brannceller der avfall vert lagra pluss installasjon av særskilt teknologi for å sløkkje brann. Til slutt må der vere oppsamling av evt. brannvatn slik at ikkje vassdrag nedstraums vert ureina.

Materialgjenvinningskrav med fleire sorteringsalternativ krev utvida miljøstasjon for publikum.

I økonomiplan er det sett av 6 mill. kr til oppgradering i Hovdebygda, men vi er usikre om det er nok. Vi kjem til å be eit rådgjevingsfirma om eit kostnadsoverslag i 2021, som vi håper å kunne legge fram i samband med neste rulleringa av strategi og økonomiplan.

I sum vil disse satsingane krevje investeringar for VØR i perioden fram til 2024/25. Meir enn det vi har låneramme for i dag.

Korleis vurderer styret situasjonen ?

Styret har vedteke ein økonomiplan, som syner ei utnytting av låneramma på 98.5 mill kr. ved utgangen av 2021. De føreset ingen endringar i form av tillegg ved bygging av omlasteanlegg i 2020/21, og det føreset at det vert kjøpt avgrensa med teknisk utstyr dette året.

Styret ser det slik at låneramma må aukast. Høgda låneramme gir plass til å investere i naudsynt teknologisk utstyr og å nytte opsjonen på rest tomtekjøp, som styre og representantskapet tidligare har gjort vedtak om for å sikre at ein ikkje vert bygt inne i framtida.

Konklusjon

Med visning til investeringane som må gjerast i perioden 2021-2024, foreslår styret derfor å auke låneramma med 30 % omgjort i heile millionar kroner.


Utvikling i gjeld.

Økonomiplanen syner ein lånetopp i 2023-24, for så å falle frå 2025 etter at løfta som er gjort vedtak om i økonomiplan, er gjennomførte.

Det må likevel nemnast at sentrale myndigheter har høge ambisjonar for miljø og klima i perioden fram til 2035 og dersom vi vert pålagt fleire nye tiltak som hittil ikkje er nemnt i strategi og økonomiplan, vil det påverke gjeldssituasjonen etter 2025

Effekt på gebyr.

Vi legg til grunn at gebyra ikkje skal auke ut over landsgjennomsnittet, slik det går fram av økonomiplanen.


Petter Bjørdal
Dagleg leiar